



2 Kommuneleiing - Stab

Kommuneleiing – stab omhandlar desse tenesteområda

- Kommunedirektør og kommunalsjefar
- Personal og løn
- Økonomi
- Kultur, service og næring
- Andre fellestenester

Eininga skal levere tidsrette støttfunksjonar etter dei krav og forventningar som er stilt til kommunen si kjerneverksemd og strategiske satsingar, og har gjennomført dei fleste av satsingsområda frå handlings og økonomiplan 2023 - 2026.

Drift

Alle tal i heile 1 000

Teneste	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
		2023	2023	2023	2022
1200	KOMMUNEDIREKTØR - KOMMUNALSJEFAR	6 889	5 938	5 938	5 256
1210	PERSONAL OG LØN	2 884	2 690	2 690	2 689
1220	ØKONOMI	3 433	3 995	3 995	3 043
1230	SERVICEKONTORET	2 728	2 984	2 984	2 506
1240	DIVERSE FELLESFUNKSJONAR	24	-	-	18
1250	IKT	855	816	816	777
1260	SAKSBEHANDLING - FELLES	935	893	893	807
2110	BARNEHAGE	1 354	491	491	1 364
2120	GRUNNSKOLE	749	480	480	212
2310	AKTIVITETSTILBOD BARN OG UNGE	28	779	779	50
2412	PSYKISK HELSEVERN	110	106	106	105
2423	MOT - PROSJEKTET	-	25	25	-
2440	BARNEVERN TENESTE	265	255	255	259
2530	PLEIE, OMSORG, HJELP I INSTITUSJON	-	25	25	-
2540	PLEIE, OMSORG, HJELP TIL HEIMEBUANDE	1 079	979	979	755
2541	BUFELLESSKAP PSYKIATRI VALDERØY	-	99	99	-
2549	KVARDAGSREHABILITERING OG VELFERDSTEKNOLOGI	-	- 50	- 50	- 1

	2 KOMMUNE LEIING - STAB	Regnskap	Buds(end)	Budsjett	Regnskap
Teneste		2023	2023	2023	2022
2730	KOMMUNALE SYSSELSETTINGSTILTAK	443	367	367	428
2831	Formidlingslån (frå 2020)	- 112	- 120	-	-
3010	PLANLEGGING / REGULERING	- 100	-	-	-
3100	FORMIDLINGSLÅN	-	-	- 120	- 165
3250	NÆRINGSKONTORET	691	184	184	710
3253	JORD- OG SKOGBRUK	601	543	543	538
3610	VILTFORVALTNING	188	63	63	128
3620	FRILUFTSLIV	11	261	261	193
3650	KULTURMINNEVERN	8	25	25	- 116
3700	BIBLIOTEK	1 524	1 587	1 587	924
3750	MUSEER	-	28	28	-
3770	KUNST OG KUNSTFORMIDLING	-	140	140	95
3810	IDRETT	343	230	230	285
3850	KULTURKONTORET	990	788	788	426
3851	ANDRE KULTURTILTAK	427	159	159	200
3852	Frivilligsentral	618	518	518	502
Sum gruppeansvar: 2 KOMMUNE LEIING - STAB		26 966	25 276	25 276	21 988

Området har eit meirforbruk på 1,7 milion kroner, meirforbruket er samansatt og kjem av fleire forhold, blant anna utgifter knytt til rekruttering av både ny kommunedirektør og ny HR - sjef, engasjement for prosjektleiar betre tverrfagleg samhandling, samt at resultatet av lønsoppgjøret for 2023 vart høgare enn budsjettet.

Meirforbruk på ei teneste vert kompensert med mindreforbruk på andre tenester og stillingar har vorte haldne vakante for å halde budsjettet.

Prosjektet Omstilling av fellesfunksjonar har gitt effekt gjennom fokus på arbeidsprosessar og digitalisering av tenester. Arbeidet vil halde fram i 2024.

Kostra

Netto driftsutgifter administrasjon per innbygger.

Indikatoren viser kor mykje av dei totale utgiftene som vert brukt til administrasjon og styring per innbygger. I indikatoren inngår administrativ leiing, stab- og støttefunksjoner. Data blir vist i kroner per innbygger.

	2023	2023	2022	2022	2021	2021
Kostra funksjon	1532 Giske	Kostra gr. 1	1532 Giske	Kostra gr. 1	1532 Giske	Kostra gr. 1
120 Administrasjon	3 981	4 965	3 752	4 695	3 875	4 149
231 Aktivitetstilbod barn og unge	3	166	6	138	1	101
320 Kommunal næringsverksemd	2	-135	1	-111	-11	-117
325 Tilrettelegging og bistand for næringslivet	80	282	155	385	30	221
370 Bibliotek	187	332	113	309	99	299
380 Idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg	39	115	33	122	31	89
385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andres kulturbygg	247	386	117	328	202	278

På kostrafunksjon 120 inneheldt tabellen ikkje berre utgifter knytt til rammeområde 2 Kommuneleiing - stab. Tenester som er knytt til rammeområde 3 Fellesutgifter/fellesinntekter, rammeområde 7 Pleie og omsorg og sjølvkostområda i rammeområde 9 Teknisk er også med i tabellen.

For kostrafunksjon 120 administrasjon syner tala at Giske kommune har ein auke frå 2022 til 2023 med kr 229 per innbygger, medan kostragruppe 1 har ein auke på kr 270 per innbygger..

Giske kommune bruker kr 984 mindre per innbygger enn gjennomsnittet for kostragruppe 1. Dersom Giske skulle bruke det samme som gjennomsnittet i kostragruppe 1 vil dette utgjort ein auke på 8,5 mill.kr.

Studier har vist at kommunar tolkar og definerar administrasjon ulikt i KOSTRA. Det inneber at tala ikkje er direkte samanliknbare mellom alle kommunar og er noko usikre.